

# Referat

## STYREMØTE NR. 2 i ØIL – 17.06.2014

<b>Møte</b>		<b>Referat</b>	
<b>Dato</b>	17.06.2014 kl. 19:00	<b>Deltakarar</b>	Vidar Torsvik / leiar Kari Mostad / kasserar Rune Vik / skrivar Toril Honningsvåg Vik / styrelem Terje Melstveit / fotballgruppa Martin Lunestad/ fotballgruppa Lillian Kvamsøy / boccia-gruppa
<b>Stad</b>	Holmatun	<b>Forfall</b>	Kjerstin Valland / nestleiar Liv Helen Osa/ styrelem Frank Kjøsnes / styrelem Åshild Bekkesletten/ 1. vara Leiv Sandven / trimgruppa
<b>Referent</b>	Rune Vik	<b>Kopi</b>	Olav Kreken/ orientering
<b>Neste møte</b>	<b>Tysdag</b> 19.08.2014 kl. 19:00		

Nr	Sak	Frist	Ansvar oppfølging
2.1	<b>Saker</b>		
.1	<u>Kom deg ut-dagen + Torefjellstrimmen m.m. - søndag 7.sept</u>  Rune kontaktar Kvam turlag om evt. samarbeid.		Rune V.
.2	<u>Sommaraktivitetar for born</u>  Kvam herad vil gje ferietilbod til born 11-16 år i: <ul style="list-style-type: none"> <li>• 2 veker etter skuleslutt</li> <li>• 1 veke før skulestart</li> </ul> Trenge frivillige tysdag 24/6 og torsdag 26/6. Veit nokon om vaksne som er ledige på dagtid, gje melding til Vidar  Vidar legg program ut på facebook.		Alle  Vidar T
.3	<u>Medlemskontingentstatus</u>  Utsett.		Kari
.4	<u>Info frå møtet med Kvam idrettsråd</u>  Kontaktperson i Kvam herad for idretten er den nye kultursjefen Knut Markhus – mob. 93225243.  Det er inngått samarbeidsavtale mellom Kvam idrettsråd og Kvam herad.  Det vart orientert om ulike støtteordningar. Det var ynskje om at det vart etablert ein oversikt over ulike ordningar med søknadsfristar og kvar ein finn opplysningar om dei ulike	info	

	ordningane.		
.5	<u>Status valkomité</u> Inga framdrift pr. 17/6.	info	ØIL-styret
.6	<u>Treningstider – frist for innmelding halltid 30.06.2014</u> ØIL må bestille halltid.		Åshild/Leif
.7	<u>Politiattestar - status</u> Politiattestansvarleg følgjer opp.		Rune V.
.8	<u>ØIL – heimeside</u> - Oppdatere styresamansetning - Legge inn nye ØIL-vedtekter - Legge inn møtereferat  Kven i styret skal følgje opp ?		
<b>2.2</b>	<b>Fotballgruppa</b>		
.1	<u>Øystese-cup</u> - Økonomisk eit greitt resultat. - Organisatorisk er det ein del å gå på.  Tiltak ut frå erfaring: Det må utarbeidast ein meir detaljert prosjektplan for cupen.	info	Øystese fotball
.2	<u>Økonomistyring og føring av rekneskap</u>  Kasserar i fotballgruppa ynskjer hyppigare resultatrapportar frå Vekstra. Gjeld føringa av rekneskapa til fotballgruppa (avd. 101 Øystese fotball, avd. 102 IFO/FFO).  Utlevert resultatrapportar kvart kvartal frå Vekstra ( 31. mars, 30. juni, 30. september, 31. desember). Kasserar Øystese fotball betalar alle fakturaer. Kasserar Øystese fotball konterer alle inngåande/utgåande fakturaer.  Grunngjevinga for ynskje om faste og hyppigare rapporteringstidspunkt, er at bevegelsen til økonomien til fotballgruppa er stor.  <u>Vedtak</u>  Kasserar i fotballgruppa tek sjølv kontakt med Vekstra for avtale om tenlege rapporteringsordning for fotballgruppa.	Info	
.3	<u>Ny arbeidsavtale i fotballen</u>  Ny portugisar har fått kontrakt / 20 % stilling inkl. jobb i fotball FFO.  Anders Næs skal verte far og skal ut i permisjon frå august.	Info	Øystese fotball

.4	<u>Nettbanktilgang</u> Ordning med ”privat”-nettbanktilgang knytt til ØIL-fotball-kontoar, vert avslutta.		Øystese fotball
.5	<u>Avtale om levering mat m.v. knytt til arrangement m.v.</u> Øystese fotball jobbar for å få ein avtale om levering av mat, frukt, m.m., både til ØF-arrangement og til idrettsskule/ TelenorXtra.	Info	
.6	<u>Kunstgras Ø. barneskule - avtale om forskottering spelemidlar</u> - Kommunen må stå som utbyggjar. - Terje M. kontaktar Kvam herad v/ Knut Markhus om avtale. - Styret i ØIL har tidlegare vedteke å forskottere del av utbygginga, jf. tidlegare inngått avtale. - Nærmiljøtiltaksmidlar vil truleg verte motteke frå fylkeskommunen i 2015. ØIL vil då få igjen forskotterte midlar.	Info	Øystese fotball
<b>2.3</b>	<b>Friidrett/trimgruppa</b>		
<b>2.4</b>	<b>HC-gruppa</b>		
.1	ØIL-boccia vant Hordaland-serien 2013/14. Gratulerar.		Lillian
<b>2.5</b>	<b>Symjegruppa</b>		
<b>2.6</b>	<b>Hoppgruppa</b>		
<b>2.7</b>	<b>Orientering</b>		
<b>2.8</b>	<b>Økonomi</b>		
.1	<u>J16-Norwaycup – økonomisk støtte etter søknad</u> ØIL støttar med kr. 10 000. Vidar T gjev melding pr. epost.		Vidar T.
<b>2.9</b>	<b>Eventuelt</b>		
	<b>Tidlegare styresaker frå 2013 under oppfølging</b>		
8.3	<u>Problemstilling treningsavgift / medlemsavgift</u> Må avklarast/løysast på eit seinare møte.		
7.1	<u>Arkivering ØIL-dokument</u> Sonja ser på serverløysingar som ”Drop-box” m.v.		Sonja
	<b>Tidlegare styresaker frå 2012 under oppfølging</b>		
4.1.9	<u>Rydding i og sanning av ØIL-historikk/arkivmateriale</u> Protokollar m.v. står på ein pall på Fruktlageret. Sjekk med Kvam herad om innlevering av historisk materiale.		styret